

HARAM KOMMUNE	
Artsk. 08/334	Expen. Dok. 2
- 5 MARS 2008	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Avdeling	Saksen
Kassasjansnr	120280

## SAMARBEIDSAVTALE MELLOM KOMMUNANE OM ORGANISERING AV VETERINÆRVAKT

I samsvar med rammeavtale mellom Den norske veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjersle for deltaking i klinisk veterinærvakt av 16.11.2007, og i medhald av lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell § 3 a, er det mellom fylgjande kommunar:

**Norrdal kommune**

**Stordal kommune**

**Stranda kommune (Liabygda og Geiranger)**

**Skodje kommune**

**Haram kommune (Vatne)**

**Ørskog kommune**

inngått avtale om samarbeid som nemnt ovanfor. Driftsansvaret er lagt til Ørskog kommune / Ørskog interkommunale landbrukskontor.

Ørskog kommune har eit særleg ansvar for å organisere veterinærvakta i Ørskog veterinærdistrikt og skal representere "kommunen" overfor dei veterinærane som deltek i veterinærvakta.

Ørskog kommune kan samordne kontakta mot Fylkesmannen/Statens landbruksforvaltning med sikte på å utløyse statstilskot for alle kommunane i vaktordninga.

Tilskotet frå staten til kvar einskild kommune (Norrdal, Stordal, Skodje og Ørskog) for å administrere ordninga vert overført til Ørskog kommune som vertskommune.

Pengeoverføringane skjer innan 1. februar.

Eventuelle økonomiske meirbelastningar som fylgje av denne avtalen skal dei aktuelle kommunane ta stilling til etter drøftingar mellom rådmennene.

Ørskog kommune vil årleg etterskotsvis fakturere samarbeidskommunane for eventuelle meirkostnader.

Vaktområdet vert i utgangspunktet organisert i samsvar med Mattilsynet si organisering pr. 31.12.2007. Eventuelle seinare endringar i ovannemnde kommunar sitt samarbeid skal varslast med minst 3 månaders frist.

Avtalen trer i kraft 01.01.2008 og varer fram til ein av partane seier opp avtalen.

Oppseiing av avtalen skal gjerast innan 01.07., og oppseiingstida er 12 månader.





Tidspunkt for oppseiing av avtalen kan fråvikast dersom alle partar er samde om det.

Twistemål i samband med avtalen skal søkjast løyst med forhandlingar mellom kommunane.

Dersom ein ikkje oppnår semje, skal tvistemålet løysast gjennom handsaming i domstolane med mindre partane er samde å løyse den i nemnd. Nemnda avgjer tvistemålet med bindande verknad.

./.

. / .

Norddal kommune	24/1-08	 ORDFØRAREN I NORDDAL
	Dato	Ordfører
Stordal kommune	19/2-08	
	Dato	Ordfører
Stranda kommune	26/2-08	STRANDA KOMMUNE
	Dato	Ordfører
Skodje kommune	29/2-08	
	Dato	Ordfører
Haram kommune	11/3-08	HARAM KOMMUNE
	Dato	Ordfører
Ørskog kommune	25/3-08	
	Dato	Ordfører

## Samarbeidsavtale om organisering av klinisk veterinæravakt

I samsvar med Rammeavtale mellom Den norske veterinærforeining (DNV) og KS (ASA 2510) Om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinæravakt av 16.11.2007 og i medhald av lov 15. juni 2001 nr. 75 Om veterinærer og anna dyrehelsepersonell § 3 a, er det mellom følgjande kommunar:

- Ålesund kommune
- Sula kommune
- Giske kommune
- Sykkylven kommune
- Stranda kommune
- Haram kommune

inngått avtale om samarbeid som nemnt ovanfor. Driftsansvaret vert lagt til Stranda kommune.

Stranda kommune har eit særleg ansvar for å organisere Veterinæravakta i vaktområdet, og skal representere "kommunen" overfor veterinærane som deltek i Veterinæravakta. Driftsansvarleg kommune kan samordne kontakten mot Fylkesmannen/Statens landbruksforvaltning med sikte på å utløyse statstilskott for kommunane i vaktordninga. Det skal vere eit mål å gjere administrasjonen av ordninga så rimeleg som råd.

Dei øyremerkta statlege tilskotta som kommunane mottek, vert uavkorta å overføre til driftsansvarleg kommune. Driftsansvarleg kommune utbetalar godtgjersle til deltakarane i veterinæravakta i samsvar med vedteken rammeavtale mellom KS og DNV. Administrasjonstilskottet til ordninga vert å fordele mellom driftsansvarleg kommune og vaktansvarleg veterinær etter nærmare avtale.

Stranda kommune fakturerer årleg partane etterskotsvis for nettokostnad. Vaktområda vert organisert i utgangspunktet i samsvar med Mattilsynet si organisering per 31.12.2007 (jf. vedlegg I til avtalane mellom DNV og KS). Eventuelle seinare endringar i samarbeidet mellom kommunane skal varslast med minst 3 månaders frist.

Avtalen vert sett i kraft 01.03.08 og varer til ein av partane seier opp avtalen. Oppseiing må gjerast innan 01.07 og oppseiingstida er 12 mnd. Det kan gjerast avvik frå desse tidspunkta dersom alle partane er samde om det.

Twist i samband med avtalen skal søkjast løyst ved forhandlingar mellom kommunane. Vert det ikkje oppnådd semje, skal tvisten løysast gjennom behandling i domstolane med mindre partane inngår avtale om å løyse den i nemnd. Nemnda avgjer tvisten med bindande verknad.

Ålesund/Sula/Giske/Sykkylven/Stranda/Haram, februar 2008.

For Stranda kommune

For Giske kommune

For Ålesund kommune

For Sula kommune

For Sykkylven kommune

For Haram kommune

  
.....

  
.....

  
.....

  
.....

  
.....

  
.....

## Vedlegg 2: Individuell avtale

### Individuell avtale om deltaking i Veterinærvakta i samsvar med Rammeavtale mellom Den norske veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt.

Veterinæren og kommunen sine plikter går fram av *Rammeavtale mellom Den norske veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt.*

I medhald av punkt 6 og dei andre avtalepunkta i ovanfor nemnde rammeavtale vert det hermed gjort ein individuell avtale mellom vet Tor Kleve-Ruud


- Ålesund kommune
- Sula kommune
- Giske kommune
- Sykkylven kommune
- Stranda kommune


Merknad [Inn] 1: Kleve Ruud  
Inntra som domme

om deltaking i Veterinærvakta i nemnde kommunar/vaktområde (Ålesund/Stranda vaktområde).

Veterinæren tek til i vakta med verknad frå 01.02.2008.

Denne individuelle avtalen kan seiast opp frå bae partar med 3 månaders varsel.  
Dersom rammeavtalen mellom DNV og KS ikkje lenger gjeld, fell denne avtalen bort.  
??/??/2008: 07-04-2008

  
.....  
veterinær

  
.....  
driftsansvarleg kommune/vertskommune

## Vedlegg 2: Individuell avtale

### Individuell avtale om deltaking i Veterinærvakta i samsvar med Rammeavtale mellom Den norske veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt.

Veterinæren og kommunen sine plikter går fram av *Rammeavtale mellom Den norske veterinærforening (DNV) og KS om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt.*

I medhald av punkt 6 og dei andre avtalepunkta i ovanfor nemnde rammeavtale vert det hermed gjort ein individuell avtale mellom vet Olaf Andre Birkeland


- Ålesund kommune
- Sula kommune
- Giske kommune
- Sykkylven kommune
- Stranda kommune


om deltaking i Veterinærvakta i nemnde kommunar/vaktområde (Ålesund/Stranda vaktområde).

Veterinæren tek til i vakta med verknad frå ~~01.01.2008~~.

Denne individuelle avtalen kan seiast opp frå både partar med 3 månaders varsel.  
Dersom rammeavtalen mellom DNV og KS ikkje lenger gjeld, fell denne avtalen bort.

07.04 ~~22/22/2008~~ 07.04.2008

  
.....  
veterinær

  
.....  
driftsansvarleg kommune/vertskommune

1701

Verknad [inngj] Ålesund  
som domus

## Vedlegg 2: Individuell avtale

### Individuell avtale om deltaking i Veterinærvakta i samsvar med Rammeavtale mellom Den norske veterinærforeining (DNV) og KS om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt.

Veterinæren og kommunen sine plikter går fram av *Rammeavtale mellom Den norske veterinærforeining (DNV) og KS om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt.*

I medhald av punkt 6 og dei andre avtalepunkta i ovanfor nemnde rammeavtale vert det hermed gjort ein individuell avtale mellom vet Lars Audun Gåsemyr

- Ålesund kommune
- Sula kommune
- Giske kommune
- Sykkylven kommune
- Stranda kommune

om deltaking i Veterinærvakta i nemnde kommunar/vaktområde (Ålesund/Stranda vaktområde).

Veterinæren tek til i vakta med verknad frå 01.02.2008.

Denne individuelle avtalen kan seiast opp frå baa partar med 3 månaders varsel.  
Dersom rammeavtalen mellom DNV og KS ikkje lenger gjeld, fell denne avtalen bort.

07.04.2008

*Lars Audun Gåsemyr*  
veterinær

*Olav Johan Lillestøl*  
driftsansvarleg kommune/vertskommune

*07.04.2008*

Merknad [105]1: Kleva kommunen  
nyta sein dome

## Vedlegg 2: Individuell avtale

### Individuell avtale om deltaking i Veterinærvakta i samsvar med Rammeavtale mellom Den norske veterinærforeining (DNV) og KS om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt.

Veterinæren og kommunen sine plikter går fram av *Rammeavtale mellom Den norske veterinærforeining (DNV) og KS om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinærvakt.*

I medhald av punkt 6 og dei andre avtalepunkta i ovanfor nemnde rammeavtale vert det hermed gjort ein individuell avtale mellom vet Niek Schreyjer


- Ålesund kommune
- Sula kommune
- Giske kommune
- Sykkylven kommune
- Stranda kommune

om deltaking i Veterinærvakta i nemnde kommunar/vaktområde (Ålesund/Stranda vaktområde).

Veterinæren tek til i vakta med verknad frå 01.01.2008.

Denne individuelle avtalen kan seiast opp frå baa partar med 3 månaders varsel.  
Dersom rammeavtalen mellom DNV og KS ikkje lenger gjeld, fell denne avtalen bort.  
??/??/2008.

07-04-2008



veterinær



driftsansvarleg kommune/vertskommune

Verknad [01.01.2008]: Klove Knud  
bytta som dame